

Knarvik Nord Båtlag  
Knarvikgarden 49  
5955 LINDÅS

**Referanser:**

Dykkar: John Gunnar Onarheim  
Vår: 16/439 - 18/13367

**Saksbehandlar:**

Ketil Mikkelsen  
ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

**Dato:**

25.04.2018

## Svar - Avtale - Lindås Kommune - Knarvik Nord Båtlag

Sjå vedlagt avtale for innfesting av flytebryggje til Knarvik nord kai. Avtalen lesast gjennom, signerast og sendast i retur til Lindås kommune – Teknisk avdeling.

Vegavdelinga beklagar at det har tatt tid å få på plass avtale. Eigarforholda rundt kaia har vore noko uklære, men det skal no ha blitt ordna i matrikkel, og kommunen står som eigar.

Kommunen fekk sumaren/hausten 2017 gjennomført ei sepesialinspeksjon av kaia. Inspeksjon vart gjennomført av Brukon AS. Kaikonstruksjonen visar synlege og vedvarande setningar i hjørne mot sør. Hjørne mot nord har tidligare rast ut. Dette har medført at grunnforholda er meir stabil og ferdig konsolidert over tid. Om kaia framleis haldast stengd for køyretøy, skal det ikkje være fare for ytterligere utgliding.

Kommunen har tidligare sett på moglegheitene til å nytte kaia til større båtar, men dette er ikkje anbefalt. Grunntilhøve tillèt ikkje større båtar å legge inn til kaia. Om slik bruk skal verte aktuell, vil det i praksis sei at kaien må rivast og at ei dyr betongkai må byggast lenger ut i sjøen. Hårnålssving på kommunal veg ned mot kaia set og avgrensingar for bruk av kaia.

Eit andre alternativ som er skissert i rapporten, er å flytte bryggekannten nærare land, ved å grave vekk delar av konstruksjonen. Dette vil avlaste grunnen og gjenopprette stabiliteten i området. Kaia si funksjon vil då ta slutt, då det ikkje vil være mogleg å legge til med båt direkte til kaikonstruksjonen grunna liten seilingsdjupne. Kommunen ønskjer ikkje å gjere dette.

Eit tredje alternativ er å masseutskifte kaien med lettare massar, leca, ESP blokkar, etc. Dette vert og vurdert som omfattande og usikkert frå kommunen sin side.

Med helsing

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Avtale om flytebrygge Knarvik Nord kai

**Kopi til:**

Rune Kilen

**Mottakarar:**

Knarvik Nord Båtlag

Knarvikgarden 49 5955

LINDÅS